

Årsmelding for 2025



Årsmøte i Bore kyrkje 15. mars kl. 19. 30



BORE KYRKJE
SETT - FAMNA - UTFORDRA

INNHALD

Årsrapport for Bore sokneråd 2025

Tilsette i 2025

Årsrapport for det diakonale arbeidet i Bore kyrkjelyd

Årsrapport for Kraftfôr

Årsrapport Bore barnekor

Årsrapport for ungdomsarbeidet

Årsrapport for søndagsskolen

Årsrapport for Legoklubben

Årsrapport for Nådepuls

Årsrapport for Damer leser bibelen

Årsrapport for det musikalske arbeidet

Årsrapport for Kirkens SOS

Rekneskap Bore sokn 2025

ÅRSRAPPORT FRÅ BORE SOKNERÅD

Kjære Bore kyrkjelyd:

Shalom aleichem- Fred være med dere.

Denne hilsenen ble brukt allerede i Bibelsk tid. Da englene sang om «fred på jorden blant mennesker som Gud har glede i» (Luk. 2.14) var det krig og uro i verden - som nå.

Det var onde herskere, som nå.

Det var sult og forfølgelse, som nå.

Under det siste måltidet sier Jesus: «Fred etterlater jeg dere, min fred gir jeg dere. ikke den fred som verden gir, gir jeg dere. La ikke deres hjerte bli grepet av angst eller frykt» (Joh. 14.27). Vi kan, som enkeltpersoner og som kirke, lett bli opptatt av «all elendighet» vi ser i media og kjenne på uro. Men Jesus ønsker å gi oss Shalom, sin fred. Shalom er et ord med en dypere betydning enn bare fred. Ordet Shalom rommer også gjenopprettelse av det som er ødelagt - forholdet mellom menneske og Gud, helbredelse, velsignelse og liv i overflod - ikke rikdom, men et liv i Guds gode orden. Rett og slett Guds rike på jord. Så la oss be om at Bore kyrkje skal være et sted der alle som kommer, fast eller sporadisk, kan oppleve Guds fred – shalom - i ordets dypeste mening

Her i årsrapporten får vi lese om mye godt arbeid i kirka i 2025. Jeg hørte en som skulle booke kirkestua til et arrangement som hadde problemer med å finne tid, da den var så aktivt i bruk. Det gleder oss i soknerådet.

Jeg vil nevne noe av det vi har vært engasjert med i 2025:

På nyåret i 2025 startet vi opp igjen med Alpha- kurs for første gang på lenge. Det var berikende, og har gjort at vi har et nytt Alpha kurs nå. Vi bruker Ivan og folk fra menigheten som undervisere på temaene og samtaler i grupper etterpå.

Vi fortsatte med tre ulike gudstjenester på dagtid, nådepuls og salmekvelder på kveldstid. Her er mange frivillige i gang med ulike tjenester. Det setter vi stor pris på. De ulike uttrykkene gjør at hele storfamilien (Bore menighet) kan kjenne seg hjemme.

På våren 2025 dukket det opp et modulbygg til salgs. Byggekomiteen og kirkevergen kastet seg rundt og sjekket ut om det kunne bli ny kirkestue for oss. Vi hadde et fellesmøte om prosjektet. Det viste seg at bygget var stort, og ikke helt ideelt for våre behov. Det var også usikkerhet rundt hva det ville koste i lån og vedlikehold/ strøm. Vi valgte å ikke gå for den løsningen, men det satte i gang en gnist til å jobbe videre med å utforme ideer og løsninger for nytt bygg. Det vil vi bruke tid på i årsmøtet. TUSEN TAKK for jobben dere i komiteen, kirkevergen og daglig leder gjorde i prosessen – og fortsetter med!

I april startet Anette Dagfinrud Thorset som menighetspedagog, etter Solfrid Vigdel Skalvik. Hun viderefører det gode arbeidet for barn og unge. Hun inviterte tweens til et nytt konsept:

Lederlab. Her fikk de ledertrening gjennom undervisning og eksperimenter. Det har resultert i at 30 unge ledere har blitt med på ulike arrangement.

I forbindelse med nytt konfirmantkull overtok Birgitte Maudal Berge stafettpinne fra Jarle Stokka. Det er kjekt å se hjertet hennes for Gud og ungdommer.

Vi opplever det verdifullt å delta på fellesarrangement med de andre kirkene og forsamlingene i Klepp,- i 2025 var det blant annet «Påske sammen», «Sunniva av Selje» og Jærgårdsgudstjeneste. Vi ønsker å fortsette dette gode samarbeidet.

Bore kyrkje ble invitert til å bli med i Agenda 1. Det er et nettverk av menigheter og fellesskap som møtes 4 ganger over to år. På disse strategisamlingene får vi undervisning, drømmer for vår menighet og legger strategi for perioden som kommer. I november fikk stab og sokneråd være gjester på en samling med temaet: misjonale fellesskap. Vi opplevde det som nyttig og inspirerende. Det går an å kombinere NaMu og Agenda1, det var viktig for oss. Vi har besluttet å være med på Agenda 1 for de neste to årene.

Som sokneråd jobber vi fremdeles med fokusområdene:

1. Frivillighet:

- I 2025 laget vi en oppfølgingsplan for frivillige og ulike tjenestegrupper. Både ansatte og sokneråd har ansvar for gjennomføringen. Noe av oppfølgingen skjer årlig, andre deler går i 2- og 3- års sykluser. Vi vet at det å stå i tjeneste som er i tråd med nådegavene sine er meningsfullt og givende. Vi ønsker å legge til rette for det.

2. Husfellesskap:

- Under Agenda1- samlingen i november satte sokneråd og stab fokus på husfellesskapene. Vi ønsker at alle som går i kirka skal få mulighet til å være med i et mindre fellesskap der en kan dele tro og liv. Dette jobber vi med våren 2026.

3. Misjon:

- Vi er i gang med nytt misjonsprosjekt. Vi gir til Ungdom i oppdrag- Sola sitt prosjekt i Sentral- Asia. De jobber med et unådd folkeslag der. For å samle inn penger har vi hatt inspirasjonsdag med misjonsløp, vi har misjonskafe - der tweensgjengen er engasjert og tar opp kollekter. Det vil bli arrangert en teamtur i høstferien 2026, der det er over 20 interesserte allerede. Samtidig er vi engasjert i Kamerun og Etiopia (Roba utviklingsfond).

Det hadde vært kjekt å ramse opp alt det gode og kjekke som skjer i kirka, men det hadde tatt hele årsmeldingen. Jeg anbefaler alle å utforske hjemmesiden vår; borekyrkje.no Både for å se hva en kan delta på, eller hva en ønsker å engasjere seg i. Jeg oppdaget et par nye ting på hjemmesiden: Bildebingo og gratis babypakke.



God lesing!

Med hilsen fra Junhild Voll Frøyshov for Bore sokneråd

Økonomi

Me hadde ei omlegging av rekneskapssystem og rutinar i 2025, men det har gått seg til. For 2025 hadde menigheten eit midreforbruk på kr 247 000,- desse midla vert sett på disposisjonsfond. Grunnen til mindreforbruket er vakans i begge menighetspedagogstillingane fyrste halvår, og at dagleg leiar framleis har 10 % permisjon. Dagleg leiar og menighetspedagogane vert delvis løna av innsamla midlar. Me reknar med at denne kostnaden vil auke i åra framover, p.g.a. auka løns og pensjonskostnadar. Den faste gjevartenesta er pilaren i økonomien vår, og var omtrent uendra frå 2024 til 2025. Offer til eige arbeid gjekk litt ned i 2025. Men menigheten har auka innsamla midler gitt til andre, og kunne sende over 77 000 kr til misjonsprosjekta. Det er veldig kjekt! Me har og oppsparte middel som i hovudsak kjem frå testamentariske gåver. Sist i årsmeldinga ligg ei enkel økonomisk oversikt, delt inn etter dei ulike formåla. Dersom nokon vil sjå heile rekneskapen, ta kontakt med dagleg leiar.

Litt statistikk for 2025;

- Gudstenester på søndagar/heilagdagar: 48
- Deltakare totalt; 4 802
- Deltakare i snitt: 102 (106 i 2024)
- Nattverdsdeltakare i snitt: 74 (72 i 2024)
- Deltakrar på julaftangudstenester: 333 (2 gudstenester)
- Skule- og barnehagegudstenester: 9 (inkl. 4 julevandringar)
- Antall døypte: 32 (36 i 2024)
- Antall konfirmerte: 37
- Antall unge ledere (under 15 år) 30
- Frivillige medarbeidarar (over 15 år) : 130

Soknerådet

Det er 6 faste medlemmer i soknerådet, og 2 vara som begge møter. Sokneprest er og fast medlem i rådet. Soknerådet vel sjølv leiar og nestleiar. I 2025 var Torunn Renate Bore leiar og Junhild Frøyshov nestleiar.

Soknerådet nyttar på kvar samling god tid til skriftlesing, samtale og bøn, samt samtale om arbeidet generelt, og om strategien. Alle møter og referat er offentlege.

Bore sokneråd 2025:

Torunn Renate Bore

Junhild Frøyshov

Terje Skår

Marita Midtun Finstad

Elisabeth K. Jørgensen

Åsmund Olav Steinnes

Ivan Fjeld (sokneprest)

Dan Egil Skrikrud (vara)

Gunnar Thorset (vara)

Anders Gjetmundsen har hatt permisjon frå soknerådet i 2025.

Bore sokneråd

02. februar 2025

TILSETTE I BORE KYRKJELYD 2025

Namn	Stilling	St.prosent
Ivan Fjeld	Sokneprest	100%
Hilde K Eikeland	Dagleg leiar	60% * (10% permisjon)
Solfrid Vigdel Skalvik	Menighetsped. born	70% * (tom januar 2025)
Anette D. Thorset	Menighetsped. born	70%* (fom april 2025)
Jarle Stokka	Menighetsped. ungd.	50% * (tom mai 2025)
Birgitte Maudal Berge	Menighetsped. ungd.	50% * (fom mai 2025)
Elin Underhaug Kanu	Organist	60%
Kari Haavardsholm	Sekretær	25%
Oxana Churkina	Reinhaldar	20%
Arne Tveranger	Teknisk medarbeidar	10%
Benjamin L Salvesen	Kyrkjetenar	10%
Ruth Bråtevit	Diakon, i fellesområdet	100%
Ketil Terning	Kyrkjetenar, i fellesområdet	100%

*stillinga er delvis finansiert av kyrkjelyden

ÅRSRAPPORT FOR DET DIAKONALE ARBEIDET I BORE MENIGHET

Diakonen arbeider 100% med ei fordeling på Klepp, Bore, Orre og Frøyland/Orstad kyrkjelydar. Frå mars blei stillinga fast.

Diakoniutvalet Bore

Åsmund Steinnes - repr. for soknerådet og leiar, Wako Roba, Liv-Astrid Hausberg. Diakoniutvalet har hatt 3 styremøte.

Diakonale tiltak i Bore, 2025

- Besøkstenesta i Bore inneheld jubilarbesøk ved fylte 85 og 90 år. Besøka er gjennomført av to frivillige, diakoniutval. jubilarar fekk besøk.
- Det er tilbod om samtaler. Mange tek i mot dette tilbodet.
- Oppfølging av etterlatte skjer individuelt ved behov. Det har vore tilbod om sorggrupper til etterlatte, som er eit samarbeid mellom diakonane på Jæren, Sandnes og Sola og Stavanger
- Bønnearbeidet i Bore har eit rikt mangfald. Her er bønnesamlingar, bønnekort for konfirmantane, bønn i heimane, bønn i gudstenesta mm.
- Gjennom Nabobønn er Bore sokn delt inn i soner og dekkja av forbønn. I tillegg var det inspirasjonssamling i oktober 2025.
- Kjekke strikkekveldar har vorte gjennomførte.
- Besøksven er eit tiltak og eit satsningsområde i Bore kyrkjelyd. Fleire av Bores kyrkjelyd er aktivt med i denne tjenesta.

Samarbeid med Klepp kommune

- Samarbeidet med kommunen som i år ha vore gjennomført er besøkstenesta, Besøksven og Våketjenesten. Tone Augnestad Skår som er kontaktperson, er kommunens frivillighetskoordinator.

Samarbeid med andre menigheter, fellesråd og andre organisasjoner

- Julegaveaksjonen deltok Bore kyrkjelyd på òg i år.
- Minnegudstenesta 2.november blei arrangert felles i Klepp kyrkje.
- Formiddagstreffet på Stasjonsbygningen på Klepp stasjon har hatt 8 samlingar. I mai gjennomførte me ein kjekke tur til Mosterøy og Talgje. Me ser ein svært positiv utvikling med fleire deltagare. Formiddagstreffet er eit samarbeid mellom alle 4 kyrkjelydane i Fellesrådet.
- Torsdagstreffen i Klepp kyrkje. Dette er ein klubb for menneske med ekstra behov. Me samlast ein gang i månaden. Vi startar i kyrkjerommet med gudsteneste der Ivan Fjeld og Just Salvesen har kvar sin gong å vere prest. Deretter er me i menighetssalen der me har forskjellige aktiviteter. I 2025 har me hatt 10 samlingar, kor den siste samlinga, sommaravslutninga, var på Voll juletrebard. Torsdagstreffen er eit samarbeid mellom alle 4 kyrkjelydane i Fellesrådet.

Ein stor takk rettes til dei frivillige som gjer ein uvurdelig innsats i kyrkjelyden.

Ruth Bråtveit
Diakoniarbeidar

ÅRSRAPPORT FOR KRAFTFÔR 0-12 ÅR

Barn 0-12 år

I 2025 vedtok kirkerådet ein ny plan: Plan for undervisning og læring. Denne planen skal erstatte den førre planen: Trusopplæringsplanen Gud gjer – vi deler.

Det vil truleg vere nødvendig å gjennomgå Bore sin lokale plan «Kraftfôr» framover og sjå den i lys av den nye, overordna planen som kyrkjemøtet har vedtatt.

Menighetspedagogen har hovudansvaret for å leie arbeidet, men dei ulike aktivitetane kan ikkje gjennomførast utan at frivillige leiarar er med.

Bore sokn har gjennomført følgjande aktivitetar for barn 0 – 12 år i 2025:

0 år Dåp og Dåpssamling

32 babyar/småbarn vart døypte i 2025. Det er om lag like mange som året før. Det er presten som har hatt dåpssamling eller samtale med dåpsforeldra.

0 år Babysong

Vi hadde 8 samlingar med babysong hausten 2025. Det var 10 deltakarar. Menighetspedagog leia samlingane.

1 og 2 år: Dåpsdagsgratulasjon

Frå oktober 2025 blei det sendt ut gratulasjon i posten til barna i forbindelse med deira dåpsdag. Gratulasjonen inneheld blant anna ei fin kveldsbøn.

3 år Supersøndagsskule

Også i år vart 3-åringane inviterte til «Supersøndagsskule», i Borehallen denne gang. Leiarane på Søndagsskulen gjennomførde ei flott samling med song, drama og kjekke aktivitetar for dei mange små og store som kom. Fleire barn, ungdom og vaksne var med både i drama og song, samt på aktivitetsstasjonar. Åtte 3-åringar fekk delta på ein eigen aktivitet berre for dei og fekk ei bok med seg heim.

4 år Pølsesong

Denne aktiviteten vart arrangert i samarbeid med barnekoret. 4-åringane vart inviterte til ei korøving, der dei fekk lære nokre songar, spele på rytmeinstrument og høyre om skapinga frå Bibelen saman med barna i koret. Til slutt fekk alle pølse og saft som to frivillige tok ansvar for.

4 år Utdeling av 4-års bok

Utdeling av barnebibelen *Bibelen for barn* til 4-åringane føregjekk på ei familiegudsteneste i oktober, der også barnekoret bidrog med song. Ein frivillig vaksen og ein tweens registrerte barna som kom.

5 år Pinsebursdag

Laurdag etter pinse feira me kyrkja sin fødselsdag, saman med 5-åringar og deira føresette. Dei fekk høyre frå Bibelen om det som hende pinsedag og om Den Heilage Ande. Etterpå fekk barna lage eit bilete, ete pølser og muffins og gå på aktivitetspostar. To faste frivillige vaksne samt eit barn var med i gjennomføringa saman med menighetspedagog.

6 år Skulestartmarkering

Vi inviterte også i år til skulestartmarkering på utegudstenesta på Voll. 14 kommande førsteklassingar fekk utdelt matboks og linjal i gåve og presten ba ei bøn for dei. Det vart ei flott gudsteneste, minilovsangerne var med, heile staben bidrog med drama i preika, speidaren deltok og fleire frivillige barn og vaksne stod på aktivitetspostar.

7 år 1.Klasseklubb

Det var ein god gjeng på 1.klasseklubben dette året og fleire blei med etter kvart. 27 deltakere totalt. Vi hadde tre samlingar i kjellaren på Bore bedehus tysdagar rett etter skuletid. Vi henta barna på skulen og følgde dei tilbake til SFO eller skulebuss etter samlinga. Sakkeus, Den gyldne regel og Jesu oppstode var viktige tema. 1.klassingane fekk mat, laga noko fint og det vart tid til frileik. 9 tweensleiare (5.-7. klassingar) var med og gjorde ein kjempeinnsats, samt frivillige foreldre.

Søndagen etterpå deltok barna i lag med familien sin på familiegudstenesta i kyrkja, der dei fekk utdelt boka "Tre i eit tre".

8 år Tårnagenthelg

I mai arrangerte vi Tårnagenthelg for 3. klassingar. Barna fekk løyse ulike oppdrag som «ekte» agentar kom med, mellom anna ei skattejakt. Agentane fekk óg gå i ein labyrint, dei fekk utfordre seg i samarbeid, utforske kyrkjetårnet og dei fekk god mat. Søndagen deltok agentane med ulike ting på familiegudstenesta og dei fekk utdelt boka "Skatten i Liljedal". Tema for tårnagenthelga var Kristi himmelfartsdag og nattverd. Vi hadde med oss 10 tweens- og ungdomsleiare samt vaksne frivillige og foreldre som hjalp til.

9 år Etter skuletid

Det er frivillige leiarar frå kyrkjelyden og Bore bedehus som driv dette tiltaket og dei held til i kjellaren på bedehuset. 8 tysdagar kan 4. klassingar på Bore skule kome til bedehuset rett etter skulen for å få undervisning og mat, spele og ha det kjekt. Dei kan óg gjere lekser om dei ønskjer det.

Etter skuletid hadde 4 samlingar før jul (2024) og 4 samlingar i januar 2025. Det var 20 deltakarar. Siste søndagen i januar var barn og vaksne frå Etter skuletid inviterte til ei familiegudsteneste. Barna framførde då noko av det dei hadde lært og dei fekk ei gåve frå kyrkjelyden.

Leiarar på Etter skuletid 2024-25 har vore Olav Vestvik, Torjus Frøvik, Anne Mundal, Oddvar Høie, Karen Høie, Hild Arna Voll, Hans Voll, Geir Magne Hauge og Marit Lauvskar.

10 år Tweenslørdag

Denne aktiviteten for 5.klassingar blei flytta til våren 2026.


11 år LysVaken

Vi inviterer 6. klassingar til å kome til kyrkja laurdag ettermiddag og overnatte i kyrkjerommet til søndag. På programmet står undervisning, aktivitetsgrupper (blant anna foto/film og dans), hobby, mat, refleksløp, nattkino og førebuing av gudstenesta. LysVaken sluttar av etter familiegudstenesta på søndagen. Vi var så heldige å ha med oss 10 dyktige ungdomsleiare som stod på og var med og gjorde dette til ei flott oppleving for 6. klassingane. I tillegg hadde vi frivillige vaksne som stilte som nattevakt samt foreldre som hjalp til ved behov laurdagen. Tusen takk!

12 år LederLab

Vi arrangerte Lederlab-kurs i oktober. Alle 7. klassingar som står som medlem fekk invitasjon i posten. I tillegg inviterte vi 6.- og 8. klassingar fra menigheten til å vere med på kurset. Menighetspedagog saman med ei ungdom og ei vaksen frivillig la til rette og var til stades for deltakarane. To ansatte frå Søndagsskulen Rogaland krets leia sjølve leiarkurset. Lederlab-kurset er ei fornying av det gamle SLUSH-kurset, men har med mange av dei same elementa vidare. Det var 22 deltakarar på kurset i haust, flest 7.klassingar, men óg fleire 6.- og 8.klassingar.

Tusen takk til alle som har vore med som frivillig medarbeidar på ein eller fleire aktivitetar i 2025! Vi er svært takknemlege til kvar og ein for innsatsen i dette viktige arbeidet!



Anette Dagfinrud Thorset
Menighetspedagog

Årsmelding misjonskafé 2025

I mai 2025 starta vi opp misjonskafé i Bore. Vi nyttar det eine rommet i bårhuset samt uteområdet mellom bårhuset og kyrkjestova. Kaféen er til inntekt for misjonsprosjektet vårt og eit av måla er å engasjere tweens til å lage og selje mat og snaks her. Leiar og nestleiar i soknerådet drog dette i gong. Menighetspedagog utfordrar tweens til å rigge, bake og selje, samt ein vaksen til å hjelpe til. 8 tweens har vore med i haust. Vi har hatt misjonskafé 4 gonger i 2025.

ÅRSRAPPORT FOR BORE BARNEKOR

Bore barnekor er for barn frå cirka 4 år og opp til og med 2. klasse. Musikken spelar me via anlegget (spotify) eller så akkompagnerer Elin på piano. Me nyttar rytmeinstrument og kostymer av og til. Det er andakt og leik på øvingane.

Barnekoret har hatt øving annakvar måndag frå kl. 17.15-18.00. Me hadde 36 barn på namnelista i 2025 og 25 betalande medlemmar.

I tillegg til øvingane deltok barnekoret på ei familiegudsteneste i kyrkja i haust, vi hadde ein eigen vårkonsert i mai og deltok på «Me syng jula inn» i desember. Ein av øvingane hadde me «Bamsefest». Då fekk favorittbamsen vere med på kor og me åt bamsemums og bamsechips. I oktober hadde me «Pølsesong». Då var alle 4-åringane i Bore sokn inviterte til å vere med på ei øving, der me avslutta med pølser og saft i kyrkjestova.

Også i 2025 var det kveldsmat og leik for skulebarna i koret, i kyrkjestova etter kvar øving.

Leiarar i Bore barnekor 2025 har vore:

Anna Øygarden Larsen	Dirigent (vår)
Anette Dagfinrud Thorset	Kontaktperson/dirigent/kveldsmatansvarleg
Elin Underhaug Kanu	Pianist/dirigent
Even Vigdel	Teknikk vår
Magne Klepp	Teknikk haust
Dan Egil Skrikrud	Teknikk (konsert vår)
Ella Vigdel	Medhjelpar vår
Hanna Mangen	Medhjelpar/dirigent haust

Anette Dagfinrud Thorset, Menighetspedagog

ÅRSRAPPORT FOR UNGDOMSARBEIDET

Konfirmasjonene for konfirmantkullet 24/25 ble gjennomført i april og mai som planlagt med 32 konfirmanter. Konfirmantene våren 2025 hadde en fin avslutning på konfirmantåret, på tross av vakanse i stillingen fra februar 2025. De hadde undervisning, fasteaksjon og handelsspillet. Dessverre ble noen samlinger avlyst på grunn av vakansen, dette synes vi var dumt. Men det ble arrangert en kjekk fest for foreldre og konfirmanter på Bore bedehus i slutten av mars. Her var det både underholdning, minner fra året, pizza og kaker.

I august 2025 startet vi med et nytt kull konfirmanter, og ny menighetspedagog; Birgitte Maudal Berge. Før oppstart av undervisningen ble alle konfirmanter og foreldre invitert til en individuell samtale med menighetspedagog eller prest. Dette var en veldig fin start på konfirmantåret.

Vi har hatt undervisningen i kjellerne på Bore bedehus. Alle har vært samlet under undervisningen, vi har dette året ikke vært delt i grupper.

Vi har hatt undervisning om identiteten vår i Jesus, blitt kjent med Gud og hans karakter og måter, lært hvordan vi skal finne fram i Bibelen, hvordan ha en relasjon med Jesus i hverdagen, og hvordan vi kan høre hans stemme, og hvordan vi kan avvise og motstå det som ikke kommer fra Gud for å bevare gleden og freden Jesus har gitt oss.

Konfirmantene har også deltatt på noen gudstjenester i løpet av høsten. Det har vært tilbud om sosiale samlinger, blant annet blomsterplukking, kranselaging før jul og fisketur.

Vi har vært velsignet med ungdom som virkelig hører etter, og fått gode samtaler om tro. Vi har også fått erfare at ungdom ønsker å følge Jesus. Så vi er så takknemlige. Ingenting er større enn dette!

Vi har også vært på Jærgårds og en kjekk konfirmantweekend på Evje. Vi ser at å være på tur sammen knytter gode relasjoner, noe som legger et godt fundament for resten av året.

Newbie

Newbie er navnet på det aldersspesifikke trosopplæringstiltaket for 8.trinn. I 2025 ble det arrangert Hagekino for dette årskullet.

Takk til frivillige og foresatte som lager mat og er med som voksne!

Birgitte Maudal Berge, menighetspedagog

ÅRSRAPPORT FOR SØNDAGSSKOLEN

I 2025 har det vært 18 vanlige søndagsskolen og 1 supersøndagsskole. Denne var i Borehallen der 3 åringene var spesielt invitert og fikk utdelt bok om den bortkomne sauene. På de vanlig søndagsskolen har det vært fra 7 til 33 barn, gjennomsnittlig 19 barn per samling. På supersøndagsskolen kom det 53 barn.

Marit Irene Klüver Haugstad er hovedleder. Anders Gjetmundsen sluttet som leder, juni 2025. I august 2025 ble Camilla Lyngstad og Silje Jaatun med som ledere. De valgte begge å slutte ved årsskifte.

Ledere ved årsskiftet er Kristina H. Kårstad, Trond Berge og Marit Irene Klüver Haugstad

Marit Irene Klüver Haugstad, hovedleder 2025

ÅRSRAPPORT FOR LEGOKLUBBEN

Oppstart av Bore Legoklubb høsten 2025.

Det har vært 7 samlinger utover høsten, med gjennomsnitt på 25 barn per samling. Vi har lest historien om Gideon som andakt, og hatt litt frukt/kjeks til barna og kaffe til foresatte på hver samling. Barna koser seg med mye fribygging, samt både bygging av både nye og brukte Lego-sett.

For de eldste har Torjus Meling hatt utfordringer/konkurranser av forskjellig art - og nå er de eldste igang med å bygge den store Harry Potter borga.

Vi laget også scener fra juleevangeliet som ble vist ved tekstlesing på julaftengudstenestene.

Ledere er: Kjetil Husveg, Torjus Meling Berge, Gunnar Thorset og Hans Kristian Waarum. Tommy Elstad blir med som leder i 2026

Gunnar Thorset, hovedleder 2025

ÅRSRAPPORT FOR NÅDEPULS

Nådepuls er en kveld med lovsang og tilbedelse, med mulighet for å dele liv og vitnesbyrd. Vi ønsker i størst mulig grad å la Gud lede disse kveldene.

I 2025 ble det arrangert 6 Nådepuls. Disse ble arrangert på søndager fra klokken 20 til ca 21.30, med mulighet for å bli igjen for kaffe og drøs i kirkerommet. Oppmøtet var på ca 50 personer per gang.

Lovsangen ble ledet av musikere fra menigheten og omegn. Forbønnstjenesten stilte med forbedere. Hild Arna Bjånes Voll tok på seg ansvaret for at det ble servert kaffe og noe å bite i, og Hans Voll tok rollen som kirkevert.

Nådepuls-komiteen består av Margit Kristine Grude, Jens Kåre Stokka, Karine Eikeland Stokka, Ingvar Kjøllesdal og Hanna Voll Kjøllesdal

I komiteen evaluerer vi fortløpende, og prøver å lytte til hva Gud leder oss til. Nå har vi kjent at tiden kanskje er inne for å gjøre noe nytt eller annerledes. Vi er derfor usikre på hvordan Nådepuls kommer til å se ut i 2026.

Jens Kåre Stokka

ÅRSRAPPORT FRA DAMER LESER BIBELEN 2025

Damer leser Bibelen i Bore starta mandag 8.september 2025. Me hadde 7 samlinger i hausthalvåret. Kvar samling starta kl 10 og avslutta kl 12, med ei lita kaffepause innimellom. Me bruka Bibelleseplanen: «BibelPortal». Den er utarbeida av Øyvind Benestad. Opplegget består av å lesa tre utvalte tekstar, samtala og lytta til kommentarar frå ulike bibelutgåver/studiebiblar. Meiningsfulle og nyttige samlinger der 12 positive og takknemlige damer blei oppmuntra og meir kjende i Guds ord og med kvarandre. Samlingene held fram i 2026.

Andrine Kallåk Homme.

ÅRSRAPPORT FOR DET MUSIKALSKE ARBEIDET

Tusen takk for eit godt og allsidig år i 2025 med flott medverknad av frivillige. Me har tre hovudtypar gudstenester: Familie, G1 og G2, som har litt ulikt musikalsk preg. I tillegg kjem høgtidsgudstenester, konfirmasjonsgudstenester og kyrkjelege handlingar (vigsler & gravferder)

1| FAMILIEGUDSTENESTER ein gong per månad, har størst gjennomsnittleg oppmøte. Fast er rundt 5-12 barn frå 4-11 år med som forsongarar i Mini Lovsangere Den kreative Familiegudsteneste komiteen samlas jevnleg og planlegg gudstenestane. Dei (Anette D. Thorset, Gerny S. Voll, Daniel Lyngstad, Johannes Voll og sokneprest Ivan) vel songar, tema og innhald. Songliste på Spotify delast med Mini Lovsangere som kan førebu seg heime til gudstenesta. Kristina Kåstad lagar kjempefine koreografiar med dansar som barna får læra. Dei ungane som vil synga i mikrofon møter i god til for å synga gjennom songane før gudstenesta.

2.påskedag medverka barn frå Bore under leiing av Anette T på «Påske saman» (felleskyrkjeleg arrangement i Kleppe Bedehus), med bevegelser på «På Golgata» og «På vinnerlaget».

På Palmesundag blei det framført Påskemusikal, der mange frivillige, både vaksne og born deltek, både i drama, dans og musikk, Komitéen/regi: Torunn Renate Bore og Junhild Voll Frøyshov (drama), Elise Lindtveit (musikk) og Kristina K (dans).

Tusen takk for kreativitet, samarbeid, tilbakemeldingar, songforslag, program og spelelister på Spotify. Me vil fortsetja å samverka så Bore menighet kan vere ein plass alle, inkludert barna, kan ver stolte av å tilhøyra=)

2| G2 GUDSTENESTER MED BAND

Me hadde åtte G2 gudstenester i 2025. Koret «Korall» vitja Bore i september. Det var ei positiv oppleving, der entusiastisk leiing av nye songar ved korpianisten/dirigenten ga oppsving i allsongen.

Per nå består (aktivt) G2 bandet av Hege Skrikrud, Rune Slettbakk, Birgitte Maudal Berge, Signe Særheim Seljebu og Elin Underhaug Kanu (piano/Organist). Det har vore supert å få med to flotte gilde dedikerte songarar. Me samlast (minimum) ein onsdag i forkant av G2 for å synga gjennom songane.

Øvings stad er som regel studio i Nordsjøvegen 71, der Hege & Dan-Egil bur. Tusen takk til våre kjære gilde Skrikrud for gjestfrihet og oppvarming av studio.

G2 komiteen planlegg og evaluerer G2 gudstenestane. Det er Fredrik Frøyshov, Oddvin Linjord (ferdig i 2025) Mads Husveg, Camilla Lyngstad og Signe Særheim Seljebu.

Kjempegildt med nye krefter som trør til og kjem med verdifulle innspel så G2 kan vera den ladestasjonen den er meint å ver. Tusen takk for føre- og etterarbeid, bøn og

koordinering. Dette er veldig viktig for gjennomføringa av gudstenester, øving og planlegging.

Presentasjonsgudsteneste for konfirmantane **var første** søndag i september

Tre KONFIRMASJONGUDSTENESTER var siste laurdag i april og første laurdag i mai, med song (duett) av Mai Lea & Mai Ester Sang Thicoeng. Elin U. Kanu og Ola Ohm spelte kvar sin laurdag.

3| G1 GUDSTENESTER MED ORGEL OG MEDSONGARAR

Med-songarane er ei sterk musikalsk og åndeleg kraft. Dei samlast med organist i forkant av gudstenesta og øver gjennom songar og salmar. Dei syng liturgi, bønnesvar og Fadervår fleirstemmig. Ola Ohm har vore fast organist her.

Grappa består av Oddvar Høie, Karen Høie, Espen Haavardsholm, Torjus Frøvik, Elisabeth Jørgensen, Marit Irene Klüver Haugstad, Arne Tveranger, Oddvar Anfinsen, Reidunn Oline Skadsem, Torill S. Bøen, Anne Mundal og Rune Slettbakk.

Tusen takk for god medverknad og viktige innspel på musikkfronten.

4|ANDRE GUDSTENESTER OG ARRANGEMENT

SALMEKVELDAR var det to av i 2025, ein i mars med tema «Salmer gjennom fastetiden» og ein i november, med tema «Salmer gjennom livet- Lovsang».

Medsongarane saman med Ola Ohm og Anne Mundal stod for regien her.

«**ME SYNG JULA INN**» er ei musikalsk songgudsteneste. Her bidrog Bore Barnekor med framføring av 3 songar, Medsongarane leia allsong, og Bore skulekorps deltok med soloinnslag under takkoffer, preludium, akkompagnerte fellessongar, og «Adventstid» då barnekoret kom inn med lys. Barn medverka med eit kjempeflott koreografert danseinnslag av Kristina Kåstad. Godt frammøte, god fellessong.

JULAFTAN & 1. JULEDAG | julaftan hadde me gudstenester kl.14:00 og 15:30.

Første gudsteneste deltok rundt 10 barn/MiniLovsongarar med solo med «Kongens by» og «Julen er her». Brødrene Aaron (trommer) og David Forngren Thorstvedt (bass) & Ola O (tangent) var band.

Andre gudsteneste var eit litt meir medativit preg, med solo av Elise Lindtveit og Ola Ohm.

I Høgtidsgudstenesta første juledag deltok Reidar Kydland på kornett saman med Ola O på orgel.

Kyrkjelege handlingar som gravferder og vigslar går sin gang og fordelast på Ola Sotnakk, Elin Kanu og Ola Ohm (vigsel).

Tusen takk til alle som har bidratt med flott teneste gjennom året.

Elin Underhaug Kanu, organist

ÅRSRAPPORT FRA KIRKENS SOS

ROGALAND 2025

Bore menighet støtter Kirkens SOS, og Oddvar Høie er vår representant i Kirkens SOS sitt årsmøte. Menigheten gir 2 offer i året til organisasjonen, og betaler medlemskontingent. Soknerådet mener at dette er et veldig viktig arbeid å støtte.

«Våre frivillige opparbeider seg ei erfaring og kompetanse som er ein ressurs langt utover samtalerommet. Den tek dei med seg og brukar i kvardagen, på skulen, på arbeidsplassen og blant familie og vener i lokalsamfunnet.»

Den setninga står ofte i våre søknader om støtte. Og ho stemmer. Fleire av våre frivillige fortel om korleis erfaringa dei får, er verdifull i møte med andre menneske. Det gjeld òg dei frivillige som har eit aktivt menighetsliv. Kompetansen dei får i tenesta hos oss, kjem heile menigheita til gode. Å ha medlemmar som er frivillige i Kirkens SOS, kan vere til velsigning. Som ei døgnopen kriseteneste er vi òg menigheita sin forlenga diakonale arm. Våre frivillige bidreg sterkt til at menneske skal ha ein stad å ringe eller skrive til når alt anna er stengt. Sjølv midt på natta. For når telefonen ringer om natta, er det ofte alvor. Hos oss ringer han kvar natt.

Ved utgangen av 2025 hadde vi 84 aktive frivillige i Rogaland. Det er ein svak auke frå året før. Dei gjennomførte 1 626 vakter i 2025 og svara på 12 204 samtalar mot 13 780 året før. Nedgangen skuldast at vi var noko færre frivillige på våren enn hausten.

Dei frivillige er i alderen 21 til 80 år. Vi har ein sterk seniorprofil der halvparten er i gruppa 60–74 år. Vi har òg ei betydeleg gruppe mellom 45 og 59 (18) og 20–45 (16). Det gir ein snittalder på 58,3 år. Kvinnene er i fleirtal og utgjer 70 prosent av dei frivillige.

Kirkens SOS har ein særleg vekt på sjølvmoedsførebbyggjande samtalar, og behovet er stort. Dei ferskaste sjølvmoedstala viser 739 sjølvmoed i 2024. Det er 29 fleire enn i 2023 og det høgste som er registrert nokon gong (tala blir presenterte eitt år i etterkant). Den såkalla sjølvmoedsraten, som justerer for folkevekst, gav ein sjølvmoedsrate på 13,3 per 100 000 innbyggjarar. Det er den høgste raten sidan 1999. Andre tema som går igjen, er psykiske helseproblem, einsemd, relasjonsproblem og behovet for det vi kallar kvardagsomsorg. Vårt viktigaste mål i 2026 er «fleire gode samtalar». Takk for at de står saman med oss i det arbeidet. Tusen takk for offer og forbøn. Takk for at informasjon om nye innføringskurs blir kunngjort på gudstenester, og at artiklar og annonsar vert sett på trykk i menighetsblada. Takk òg til dykk som er med som frivillige, og velkomen til å bli det for dykk andre.

Med hilsen

Signe Bøe Trodahl

Senterleder Rogaland

Regnskap Bore sokn 2025

SOKNEARBEID UTGIFTER	431 403
SOKNEARBEID INNTEKTER	461 281
SOKNEARBEID TOTAL	29 878
TRUSOPPLÆRING UTGIFTER	464 389
TRUSOPPLÆRING INNTEKTER	425 352
TRUSOPPLÆRING TOTAL	39 037
KONFIRMANTARBEID UTGIFTER	148 456
KONFIRMANTARBEID INNTEKTER	156 674
KONFIRMANTARBEID TOTAL	8 218
BARNEKOR UTGIFTER	6 527
BARNEKOR INNTEKTER	11 003
BARNEKOR TOTAL	4 476
SØNDAGSSKOLEN UTGIFTER	14 189
SØNDAGSSKOLEN INNTEKTER	15 449
SØNDAGSSKOLEN TOTAL	1 260
LØNN UTGIFTER	764 307
LØNN INNTEKTER	1 007 305
LØNN TOTAL	242 998
BORE SOKN TOTAL	247 793
Røde tall er negative, svarte tall positive	
Noen utvalgte tall:	
Offer/innsamla midler til andre	211 586
Offer til eget arbeid	100 569
Gjevarteneste	569 440
Tilskot til undervisningsarbeid	419 000
Disp fond 2025	
Ubunde disposisjonsfond	2 331 731
Trosopplæringsfond	19 706